

**Fra:** Åse Aleheim (ase.aleheim@sveio.kommune.no)  
**Sendt:** 26.09.2014 10:24:32  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** UTTALE TIL FORSLAG TIL REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND

**Vedlegg:** UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND.pdf

**Plan- og næringsavdelinga**

Hordaland fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014000658-4/2014009653 Arkiv: N - 101 Dato: 26.09.2014

## **UTTALE TIL FORSLAG TIL REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND**

Vi viser til høyringsforslag for *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, med ny høyringsfrist 1. oktober 2014.

Sveio kommune har vurdert planforslaget og under er våre kommentarar til forslaget. Vedlagt ligg òg saksframlegg med vedtak frå Sveio Formannskap.

### UTTALE – Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Forslaget til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* tek føre seg mange av dei problemstillingar kommunane står overfor når det gjeld handel og planlegging/lokalisering av bustader, arbeidsplasser, næringsverksemd, tenestefunksjonar og fritidstilbod. Forslaget er utforma slik at det kan brukast ved så vel planlegging av fylkessenteret Bergen så vel som for regionsentera, kommunesentera og mindre lokal-/nærservera.

Forslaget framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og å bruke. Det er sett fram retningslinjer for korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av areala.

Det er ikkje for mange restriksjonar som i framtida kan medføre unødvendige konflikhtar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar. Samtidig vil planen vera med på å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum. Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggja til rette for utvikling i kommunesentera så vel som å sikre eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta.

Vi ser likevel at forslaget kan koma i konflikt med dei føresegner og retningslinjer for handelsetableringar som kjem i samband med utforming av *Regional plan for Areal og Transport på Haugalandet* som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar. Då Etne kommune

og Sveio kommune er omfatta av begge desse regionale planarbeida som delvis tek føre seg senterstruktur og som begge vil ha juridisk bindande føresegner for handel, ber vi om at Hordaland fylkeskommune tek aktiv rolle for å sikre at det vert samsvar mellom planane. Dette gjeld i første hand dei regionale planføresegnene for etablering og utviding av handelsetablering med tilhøyrande retningsliner, og at desse samsvarar med kvarandre og ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyret sett opp mot det planforslag Hordaland fylkeskommune no har utarbeida.

Med helsing

Aleheim, Åse  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*